

Riddarklubben Prosjektleiarstilling



Prosjektskildring

På vestsida av Sørfjorden ligg Agatunet, eit freda vestnorsk klyngetun med om lag 30 bygningar frå mellomalderen og fram til tidleg 1900-tal. Tunet er unikt, også i internasjonal sammenheng, grunna eit sentralt bygg: Lagmannsstova. Lagmannsstova er reist mellom 1220 og 1230, ein residens for stormenn, bygd etter europeisk modell. Dette bygget er det best bevarte profane mellomalderbygget i tre i Noreg, og det einaste som står att av administrative bygg frå denne tida, sett bort frå kongens eigne bygg som t.d. Håkonshallen i Bergen. I dette bygget held Sigurd Brynjulvson Aga hus fram til sin død i 1303. Sigurd var lagmann for heile det store Gulatinget, han satt i kongens riksråd, og han var riddar.

Historia om Sigurd er gripande og mangfaldig og kan forteljast på eit uttal måtar. I dette prosjektet, Riddarklubben, vendar me oss til dei minste og inviterer dei inn i Sigurd si verd. Gjennom leik og moro vert dei kjende med ein spennande del av kulturarven i Hardanger, og tek til seg dei riddarlege verdiane. Satsinga har stort potensiale, ikkje minst knytt til opplevingsbasert reiseliv for barnefamiliar og auka tilbod til fastbuande born. Me ser satsinga som ein del av eit større utviklingsarbeid, der Agatunet er sentralt i Noregs tidlege retts- og mellomalderhistorie.

I denne omgang søker me om støtte til eit treårig prosjekt, der ein tilsett prosjektleiar arbeidar med utvikling av Riddarklubben.

Viktige mål for prosjektet

- Utvikla nye opplevingsbaserte tilbod innan reiselivet, særleg retta mot barnefamiliar.
- Utvikla nye tilbod til fastbunade barn og barnefamiliar.
- Gje born auka kunnskap og interesse for mellomalderhistorie, -kultur og -handverk.
- Utvikla Agatunet som attraksjon
- Gje sterkare profilering av regionen.
- Etablere kulturfaglege arbeidsplassar i Hardanger.

Bakgrunn

Det frede Agatunet har lenge vore profilert som døme på eit klassisk vestnorsk klyngetun. Men di meir ein jobbar med tunet di meir er det mellomalderhistoria som trer fram. I 2016 vart Lagmannsstova datert på nytt ved hjelp av dendrokronologiske prøvar. Desse synte at stova var bygd alt tidleg på 1200-talet, fleire tiår før ein har trudd. Dette er oppsiktsvekkande, og førte til mykje merksemd mellom anna frå forskarhald, då funna indikerer at Norge hadde ein

utbygd administrasjon svært tidleg. Det står klart for oss som driv Agatunet at denne historia må fram, og at mellomalderen vil verta sentral i arbeidet med å utvikla Agatunet.

Dei siste ti åra har me lagt ned eit stort arbeid i å restaurera dei 30 freda bygga som hører til Stiftelsen Agatunet. Under leiing av Hordaland fylke sin bygningsvernkonseilant, Anne Lise Brask Eriksen, har alle dei store helletaka i tunet vore restaurert, og tunet har vorte sikra mot brann. Det har vore eit stort løft, der både Hordaland fylkeskommune, Riksantikvaren, Kulturdepartementet og fleire har innvilga midlar. Stortinget har satt eit mål om at alle freda bygg og anlegg skal vera på vedlikehaldsnivå innan 2020. Agatunet kjem til å verta eit av få anlegg som kjem til å nå dette målet. Formidling og kunnskapsdeling har vore ein sentral del av restaureringsarbeidet. No når dette store lyftet på restaureringssida går mot sluttføring er tida inne til å jobba meir med utvikling av Agatunet som attraksjon.

Gjennom auka kunnskap om Agatunet si mellomalderhistorie, særleg drevet fram at statsstipendiat Guttorm Rogdaberg, har Agatunet knytt kontaktar til mange sentrale nettverk. Her er det særleg relevant å trekka fram Magnus Lagabøtes landslov som har 750 års jubileum i 2024. Vår mann, riddaren Sigurd Lagmann, var truleg med å skreiv denne lova. I samband med jubileet er det mellom anna laga ei utstilling som skal stå i Håkonshallen, Agatunet og Nidarosdomen. Både her og i gjennom fleire andre nettverk ser me store moglegheiter. Det første me vil gripa fatt i er utvikling av Riddarklubben

Riddarklubben

Våren 2016 tok formidlingsleiar Helena Kjepso frå Hardanger folkemuseum initiativ til etablering av riddarklubben, basert på den autentiske historia om Sigurd Brynjulvson Aga. I det sørlege kjellarrommet i Lagmannsstova har me innreia eit riddarleikerom, med kongestol, fangehol, skattar, leikesverd og riddarklede. Ordførar Solfrid Borge opna, saman med riddarkledde barn frå Aga barnehage. Dei som ville vart slått til riddar, av sjølvaste Sigurd Lagmann som hadde kome att til hallen sin denne dagen. For å verta riddar må ein leva etter dei riddarelege verdiane, det vil seia å vera ein god ven som tek vare på dei som treng det. Sidan vart det fekting og leik mellom dei gamle husa. Klubblokal var ope kvar dag i Agatunet si opningstid. Frå dag ein såg me kor stor appell dette hadde, både for born og vaksne. Fleire etterlyste klede og utstyr også til vaksne. I evalueringa etter sesongen satt me att med eit tydleg signal på at tilbodet har stor potensiale, og at Riddarklubben kan verta noko mykje meir og større. Men får å få det til trengs det meir ressursar og meir konsentrert arbeid enn me kan klara gjennom ordinær drift. Satsinga må lyftast fram som eit eige prosjekt. No ynskjer me å gjera eit godt og grundig arbeid med å utvikla satsinga. Det vil me gjera ved å tilsetja ein prosjektleiar i 60% stilling i tre år, som kan laga planar, inngå samarbeid, prøva ut opplegg og hausta erfaringar.

Fleire prøveopplegg ligg i løypa. Mellom anna har Agatunet inngått eit samarbeid med Mikkelparken, der Hardangerjakta Mathilde tek med seg born på Riddartokt frå Kinsarvik til Agatunet. I tunet vert dei med på ei tidsreise tilbake til Sigurd lagmann si tid før dei drar tilbake til Kinsarvik og har resten av dagen i Mikkelparken. To slike tokt er planlagt i 2017. Eit anna opplegg er å leggja til rette for bogeskyting i tunet. Dette er ein svært populær aktivitet som og passar for vaksne. Ein viktig del av prosjektet vil verta å knyta kontaktar til ulike aktørar, nettverk og miljø. Døme på dette er styret for spelet om Rike Ragna, der Agatunet får overta heile kostymelageret med mellomalderklede som vart nytta under oppsettingane. Vidare ynskjer me eit samarbeid med andre miljø som jobbar mot born i formidlinga av mellomalder. Her finnast ein rekke frivillige aktørar som lever mellomalderliv rundt på marknader og festivalar, og det finnast profesjonelle aktørar som t.d. Bymuseet med Bryggen, Håkonshallen og Rosenkrantztårnet. Me har og fått førespurnader om å arrangera riddarakтиветар, mellom anna under Hardanger trebåtfestival. På eit overordna nivå ynskjer me å setja Hardanger på kartet når det gjeld ein svært sentral del av norsk historie; høgmellomalderen.

Plan for gjennomføring

Våren 2017: Arbeidet startar opp med søknadsskriving, planlegging og budsjettarbeid, samt førebuing til sesongen. Her legg me vekt på kva me kan klara å få til med den bemanninga me har. Riddarklubben held ope i sommar, men vidareutviklinga og satsinga kjem først til å koma til syne for fullt i sesongen 2018 og 2019.

Haust/vinter 2017: Alt etter når prosjektet er finansiert kan me lysa ut stillinga som prosjektleiar. Vonleg vert dette i tidleg haust 2017. Den tilsette går då i gang med å klatleggja potensial, inngå samarbeid, førebu sesongen 2018

Sommar 2018: Første sesong etter at satsinga er i gang. Fleire nye opplegg er utvikla og vert prøvd ut. Dette året skal utstillinga om Magnus Lagabøte si landslov stå i Agatunet. Den skal innehalda ein eigen del om Sigurd Lagmann.

Haust/vinter 2018: Evaluering, vidareutvikling, marknadsføring.

Sommar 2019: Andre sesong i satsinga. Vidare satsing på nye opplegg, justering av dei tidlegare opplegga.

Haust/vinter 2019: Evaluering og implementering av Riddarklubben i den dagleg drifta av Agatunet.

Budsjett og finansieringsplan

Budsjett:

Totalt	kr. 1.340.000,-
--------	-----------------

Finansieringsplan:

Totalt	kr. 1.340.000,-
--------	-----------------

Søknad

**Hardanger og Voss museum søker med dette Hordaland fylkeskommune om
200.000,- til prosjektet *Riddarklubben*.**

Utne 30. mai 2017

(sign)

Randi Bårtvedt

Direktør Hardanger og Voss museum

Agnete Sivertsen

Styrar Hardanger folkemuseum og

Agatunet